



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Høyanger Kyrkjelege fellesråd**

Marcus Thranes gate 3  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 07.10.2022

## **Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd**

**Møtedato:** 06.10.2022

**Møtetid:** Kl. 10.00

**Møtestad:** Høyanger kyrkjekontor

**Til stades:**

May-Wenche Fossmark, Lars Petter Amundrud, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Rolf Aamot, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

**Fråverande:**

Kenneth Førde, Frode Merkesvik, Vidar Myren, Tonje Førde Systad

**Kopi av møteprotokollen går til:**

Veronica Vågen, Vidar Myren, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Tonje Førde Systad, Monica Sunde Tjønnås, Kenneth Førde, Toril Bjørkum, Frode Merkesvik, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ørjan Haram, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune

**Sakliste:**

**Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok**

Leiaren orienterte om bakgrunn for utsett møte, saksførebuing og innkalling. Innkalling, sakliste og møtebok vart deretter godkjent utan merknader.

## **Meldingssaker**

**39 Soknepresten har ordet**

Soknepresten snakka om kvar vi finn spor etter Jesus, om såmannen og om vekst.

**40 Rekneskapsrapport 2022 – Rapporten vart gjennomgått i møtet av kyrkjevevja.**

**41 Trusopplærings situasjonen**

Fellesrådsleiaren orienterte om at det ikkje har lukkast å få tilsett nokon i stillinga som kyrkjelyds pedagog. Gaular og Høyanger jobbar no vidare kvar for seg for å finne mellombelse, lokale løysingar. I saka gav fellesrådet desse føringane for vidare handsaming:

**Frå 01.01.2023:**

- Tilbod om 30% stilling som kyrkjelydsarbeider i eit engasjement for 1 år i Høyanger og Kyrkjebø sokn.
- Tilbod om opsjon for større stillingsprosent seinare, dersom Bjordal&Ortnevik sokn og Lavik sokn også vil nytte seg av same ressursen.
- Frist for avklaring av dette innan HKF sitt møte 03.11.2022.

Saka skal drøftast vidare i trusopplæringsnemnda, der fellesrådsleiar kan delta, og deretter kan tilbod setjast fram for aktuell kandidat for stillinga.

**42 Kyrkjevevjestillinga**

Kyrkjevevja har sagt opp stillinga si, og går etter planen av 31.12.2022. Stillinga er lyst ut for 3. gong, no med søknadsfrist 24.10. Fellestrådet vil prøve å finne mellombelse løysingar.

**43 Sæbø gravplass**

Kyrkjevevja orienterte om mogeleg naudsynte endringar m o t fredningstid.

**Vedtakssaker**

**023/22 Kyrkjetenarstillingane**

**Vedtak :**

Frå 01.01.2023 vert det slik endring i kyrkjetenarstillingane:

Høyanger sokn vert redusert med 10%. Kyrkjebø og Vadheim sokn vert auka med 3% i Vadheim. Prosedyrane for varsling og gjennomføring av dette må følge dei vedtekne reglane for stillingsendringar. Samrøystes.

**024/22 Budsjett for 2023**

**Vedtak:**

Budsjettframlegget frå kyrkjevevja for 2023 vert vedteke slik det føreligg. Samrøystes.

For Høyanger kyrkjelege fellestråd

Bjørnar Otterstein  
Kyrkjevevje